

# KVINNHERAD KOMMUNE

## Fellestenester

Politisk sekretariat

2006/3847

### Vedlegg til sakliste – kommunestyremøte 29.04.2010

PS 2010/27	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 2010/28	Omsorg 2020 - Plan for perioden 2010 - 2020.	eige vedlegg
PS 2010/29	Tiltaksplan etter forvaltningsrevisjon 2009 - psykiske helsetenester til barn og unge	vedlegg
PS 2010/30	Presisering av vedtak vedr fritak §7 c	vedlegg
PS 2010/31	Kommunal deltaking i kunstgrasbana i Rosendal.	vedlegg
PS 2010/32	Sunnhordland Folkehøgskule- Søknad om garanti for lån.	
PS 2010/33	Plan for gjennomføring av strukturendringane, vedteke av kommunestyret i møte 19.11.09	

Vedlegg  
K-sak 29



Kvinnherad kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

## SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 10. september 2009

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 22/09

### 22/09 FORVALTNINGSREVISJON AV PSYKISK HELSETENESTE FOR BARN OG UNGE I KVINNHERAD KOMMUNE, REVISJONSRAPPORT.

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 11.02.09.:

1. Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om "ungdomspsykiatri". Etter at kontrollutvalet har gjeve sine kommentarar og innspel til innhaldet i prosjektplanen vil utvalet at dei skissert føremål, problemstillingar, avgrensingar og ressursbruk som er skildra i planen vert lagt til grunn for arbeidet.
2. Sekretariatet får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan / bestilling i samråd med utvalsleiar.
3. På kontrollutvalet sitt neste møte vert framdrift i prosjektet referert. Ein tek sikte på å få rapport om prosjektet framlagt på kontrollutvalet sitt møte i juni.
4. Prosjekt om "Personalressursar" får prioritet nr. 10. Nummerering vidare vert justert i høve til dette.

Prosjektplan datert 19.02.09 vart godkjent 02.03.09, og Deloitte starta opp arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore:

"Føremålet med prosjektet vil vere å vurdere om kommunen har eit tilfredsstillande tenestetilbod innan ungdomspsykiatri. Vi har formulert tre hovudproblemstilling med følgjande underproblemstillingar:

- I kva grad er organiseringa av psykiatritenestene for barn og unge i Kvinnherad kommune føremålstenleg?

- Korleis er tenesta organisert?
- I kva grad har kommunen eit tilstrekkeleg apparat for å fange opp barn og unge med psykiske vanskar?
- I kva grad medverkar organiseringa til eit tilgjengeleg, tilstrekkeleg og heilskapeleg tenestetilbod for barn og unge?
- I kva grad har kommunen tilstrekkeleg personell og kompetanse?
- I kva grad er samhandlinga mellom dei ulike aktørar og tenester i kommunen tilfredsstillande (t.d. skule, helsetenesta, PPT, frivillige organisasjonar mfl.)?
- I kva grad får kommunen tilbakemelding frå vidaregåande skular og OT/PP - tenesta i fylkeskommune om ungdom som har psykiske vanskar og som vel bort vidaregåande opplæring?
- I kva grad er samhandlinga mellom dei kommunale psykiatritenestene og andre einingar slik som BUP, Helse Vest m.m. tilfredsstillande?

- I kva grad har kommunen tilstrekkeleg med system og rutinar?

- o I kva grad har kommunen system for å sikre forsvarlege tenester (internkontroll)?

- I kva grad etterlever kommunen gjeldande mål, regelverk og interne retningslinjer knytt til psykiatritenestene?

- o Har kommunen utarbeidd ein plan for psykisk helsevern i tråd med regelverket, og blir planen følgt opp? Er ev arbeidet med plan for psykisk helsearbeid ein integrert del av arbeidet med økonomiplan? I kva grad er barn og unge spesielt handsama i planarbeidet?
- o Kor mykje av dei øymerka midlane innan psykiatri er retta mot barn og unge?
- o I kva grad får barn og unge med psykiske lidingar eit tilstrekkeleg aktivitetstilbod?
- o I kva grad er det lagt til rette for arbeidslivserfaring og yrkesopplæring?
- o I kva grad er det tilbod om avlastning for pårørande og støttekontakt for brukarane?
- o I kva grad har kommunen tilstrekkeleg fokus på førebyggjande psykisk helsearbeid?
- o I kva grad har kommunen fokus på barn og unge i risikogrupper?
- o Vert det utarbeidd individuelle planar for brukarane i tråd med regelverket, og blir planane følgt opp?
- o I kva grad sikrar kommunen tilstrekkeleg brukarmedverknad?
- o Får innbyggjarane tilstrekkeleg med informasjon om kva hjelpetilbod kommunen har?
- o Sikrar kommunen tilstrekkeleg informasjon om psykisk helse på dei arenaer der barn og unge tilbringer tid?
- o Får brukarar og pårørande den informasjon dei har krav på?
- o I kva grad gjev kommunen støtte til brukar- og pårørandeorganisasjonar?"

Det er henta inn relevant dokumentasjon om arbeidet med psykisk helse for barn og unge, som omfattar m.a. planar, rutiner og rapportering, samt dokumentasjon om korleis arbeidet er organisert. Det er og gjennomført intervju med leiarar og tilsette innanfor tenesteområdet.

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og relevante kommunale vedtak og retningslinjer.

#### Drøfting:

Forvaltningsrevisjonsarbeidet som er gjennomført gjev eit bilete av tenesteområdet, og peikar ut sårbare felt innan psykisk helseteneste for barn og unge i kommunen. Rapporten frå arbeidet viser eit godt gjennomført forvaltningsrevisjonsarbeid, og føremål og problemstillingar som ein hadde som utgangspunkt er grundig undersøkt og utgreia. Kapittel 7 i rapporten oppsummerar ein del vurderingar som revisjonen gjer, og som det er viktig å merka seg.

Revisjonen har, som avslutning av rapporten, gjeve tilråding til Kvinnherad kommune. Det vert gjeve tilråding om at kommunen:

- o Syter for at satsinga på psykisk helse for barn og unge blir vidareført, og at krav til planarbeid blir følgt opp
- o Sikrar at arbeidet med felles klientliste for TTBU blir handsama i tråd med gjeldande regelverk for teieplikt og handtering av personopplysningar. Det er viktig at dei som skal handsame lista blir kjent med kva prosedyrar og retningslinjer som gjeld.
- o Syter for at overgangen mellom tenester for barn og tenester for vaksne skjer på ein tilfredsstillande måte gjennom å etablere tydelege ansvarsforhold.
- o Sikrar at ungdom over 16 år med psykiske vanskar får tilstrekkeleg oppfølging etter at dei har starta på vidaregåande opplæring, og at ungdom som fell utanfor vidaregåande opplæring får eit tilstrekkeleg tilbod.
- o Sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og BUP for å skape eit heilskapeleg og koordinert tenestetilbod for barn og unge på tvers av forvaltningsnivåa.
- o Følgjer opp initiativet til eit samarbeid med andre instansar for å sikre at TTBU har oversikt over barn med foreldre som har psykiske eller rusmiddelrelaterte problem som blir innlagt på institusjon eller kjem under behandling.

- Oppdaterer den felles rutinehandboka både med omsyn til felles rutinar i TTBU og for dei enkelte einingane, og sikre at handboka blir tilstrekkeleg kjent blant dei tilsette. Samtidig må TTBU syte for at dei einingane som skal ha eit eige internkontrollssystem har etablert dette i tråd med lov og forskrift.
- Gjennomfører risikoanalysar for å avdekke sårbare område med fare for svikt og brot på regelverk, samt sikre at avviksmeldesystemet blir brukt av dei tilsette.
- Utarbeider tilstrekkelege tiltak for barn og unge i risikogrupper, og sikre at hjelpetrengande barn og unge som ikkje sjølv oppsøker tenesta blir fanga opp.
- Syter for ein sams praksis knytt til utarbeiding av Individuelle Planar (IP) og sikrar at alle får tilstrekkeleg informasjon om retten til å få utarbeidd IP. Dei som har rett på IP må få dette innan rimeleg tid.
- Sikrar at dei ulike einingane har tilstrekkeleg med kapasitet til å sikre eit tilfredsstillande tenestetilbod.
- Sikrar tilfredsstillande avlastningstiltak, spesielt for barn og unge med tunge psykiske vanskar og/eller lidningar.
- Syter for at det blir lagt til rette for eit tilstrekkeleg aktivitetstilbod til barn og unge som kan medverke til at dei blir integrert i eit sosialt nettverk.
- Sikrar den enkelte sin rett til brukarmedverknad gjennom å gje god informasjon om kva tenester kommunen kan tilby og kva rettar den enkelte har.
- Sikrar tilstrekkeleg informasjonsformidling om kommunen sitt tenestetilbod til barn og unge innanfor psykisk helse, og arbeide med å endre haldningar til psykisk sjukdom gjennom integrering og opplysning i kommunen i tråd med målsettinga i psykiatriplanen.

Rådmann i Kvinnherad gjev i sin uttale til rapporten melding om at administrasjonen ikkje har merknader til rapporten.

#### Konklusjon:

Forvaltningsrevisjonsrapporten peikar på sårbare felt innan psykisk helseteneste til barn og unge i Kvinnherad kommune. Det er gjort greie for korleis forbetringar innan tenestområdet kan gjennomførast. Kontrollutvalet bør gje innstilling til kommunestyret om å følgja tilrådinga frå revisjonen.

#### FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen syta for at tilrådinga og forslag til tiltak frå revisjonen når det gjeld psykisk helseteneste for barn og unge i Kvinnherad kommune vert følgd opp, jmf. pkt. 8 i rapporten.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

#### VEDLEGG:

Rapport etter forvaltningsrevisjon av psykisk helseteneste for barn og unge i Kvinnherad kommune



Til: Kommunestyret

## SÆRUTSKRIFT

Sakshandsamar      Nygard, Kari

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kontrollutvalet	10.09.09	22/09

### 22/09 FORVALTNINGSREVISJON AV PSYKISK HELSETENESTE FOR BARN OG UNGE I KVINNHERAD KOMMUNE, REVISJONSRAPPORT

#### FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret ber rådmannen syta for at tilrådinga og forslag til tiltak frå revisjonen når det gjeld psykisk helseteneste for barn og unge i Kvinnherad kommune vert følgd opp, jmf. pkt. 8 i rapporten.

#### HANDSAMING I MØTET

Anita Åkra Hauge meldte frå om at ho arbeider i BUP, men har ikkje overordna stilling. Utvalet drøfta dette, men avgjort at ho ikkje er ugild i å vera med under handsaminga av saka.

Stein Ove Songstad gjekk gjennom rapporten og peika på viktige punkt i arbeidet som er utført. Rekkefølgen i forslag til tiltak i pkt. 8 vart drøfta, om desse burde prioriterast. Ein finn at dette ikkje er rett å gjera, men ein vil i vedtaket ta inn at det bør leggest fram ein tiltaksplan for oppfølging.

#### INNSTILLING

1. Kommunestyret ber rådmannen syta for at tilrådinga og forslag til tiltak frå revisjonen når det gjeld psykisk helseteneste for barn og unge i Kvinnherad kommune vert følgd opp, jmf. pkt. 8 i rapporten.
2. Det skal utarbeidast ein tiltaksplan som viser korleis dei påpeika tiltaka skal følgjast opp. Tiltaksplanen skal innehalda oversikt over framdrift, ansvarsforhold og tidsfristar for å få retta opp påpeikingane, samt evt. ressursmessige konsekvensar. Tiltaksplanen skal leggest fram innan utgangen av 2009.

RETT UTSKRIFT:

DATO:16.09.2009

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kopi: Rådmann  
Ordfører  
Deloitte AS  
Utvalsleiar  
Postmottak

# Notat

Til kommunestyret  
Frå rådmannen

Vedlegg  
K-sak 30

Viser til sak 2010/37 frå formannskapsmøte den 15.4.2010

## Oversendt administrasjonen:

- Kvinnherad kommunestyre gjev fullmakt til formannskapet til å avgjera einskildsaker om skattefritak.  
Føresetnad er at førstegangsetablerarar og tilflyttarar til kommunen skal ha fritak.
- Også næringsbygg kjem inn under same vedtak.
- Private kulturanlegg som ikkje direkte er kommersielle, skal fritakast for eigedomsskatt.
- Private bygdevassverk skal ikkje betala eigedomsskatt – slik at dei vert likestilt med kommunale vassverk.
- Private barnehagar skal likestillast med kommunale barnehagar.
- Ser på næringslivet og.

## Kommentarar frå Rådmannen:

For fritak etter § 7c kan kommunestyret delegere fullmakt for einskildsaker til formannskapet. Fullmakta gjeven i lova sin §7c "Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.", gjeld berre fritak etter §7c for nye byggingar som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fullmakt til formannskapet etter § 7 c blei gitt av kommunestyret i budsjettvedtaket for 2010.

Næringsbygg kan ikkje fritakast etter §7c, eller på nokon tilsvarende måte etter lov om eigedomsskatt.

## Frå EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER FOR KVINNHERAD KOMMUNE

"§ 6-1 ..... Kommunestyret sjølv kan etter søknad frita følgjande eigedomar for betaling av eigedomsskatt:

- a) eigedomar eigde av stiftingar eller institusjonar som blir drivne med samfunnsnyttig føremål
- b) bygningar av historisk verdi."

Vedtektene er heimla i eigedomsskattelova si §7:

"§ 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verdi."

Kvinnherad kommune har over 100 søknader til behandling som fell under desse vedtektene. Eigedomsskattekontoret vil instilla på at idrettslag, kulturanlegg, samfunnshus og liknande får fritak.

Eigedomsskattekontoret er ikkje ferdig å vurdere korleis dette kan tolkast for private vassverk og barnehagar.

Fritak etter §7 a og b, er i Kvinnherad kommune heimla i lova, i vedtekter, og i budsjettvedtaket. Rådmannen ser ikkje at det er fleire moglegheter til å lette skatten for næringslivet.

Årsaka til at forslaget om fritak etter §7c er fremja, er at Eigedomsskattekontoret har mange søknader om fritak som dei ikkje kan godkjenna, da lova ikkje gir heimel for fritak for førstegangsetablerarar og tilflyttarar. Ved å godkjenna forslaget, vil eigedomsskattekontoret kunne godkjenna nokon av søknadane. Rådmannen gjer merksam på at eit slikt fritak vil gjelda alle nye bygg som kan nyttast til bustad. I eit bygg det også er næring, vil detta ikkje gjelda næringsdelen tå bygget. Ein kan ikkje sjå bort frå at eit slikt fritak vil hjelpe den delen tå næringslivet som driver med bygg og anlegg.

Utdrag frå budsjettvedtak i kommunestyret 17.12.2009:

*"19. Med heimel i lov av 6. Juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt for kommunane, blir det i 2010 skrive ut eigedomsskatt med 7 promille for verk og bruk og 2 promille for alle andre eigedomar i heile kommunen\*. Med heimel i §7 i same lov skal eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylkeskommunen eller staten vere fritakne frå eigedomsskatt. Førstegangsetablerarar får fritak frå eigedomsskatt i 5 år. Hus og eigedomar eigde av frivillige organisasjonar skal også vere fritakne frå eigedomsskatt. Det same gjeld private museum. Formannskapet får fullmakt til å avgjere einskildsaker om skattefritak og nedsetjing eller ettergjeving etter §§7 og 28 i same lov."*

*\*Endra i seinare vedtak.*

VEDLEGG NR. 1



Ksøk 31

KVINNHERAD KOMMUNE	
20 FEB. 2007	
APRIL 2007	Dok
APRIL 2007	Saks
APRIL 2007	Beh.
APRIL 2007	Kapl.

ROSENDAL TURNLAG  
Seimshamrane 6  
5472 Seimsfoss

Seimsfoss 27. februar 2007

Kvinnherad kommune  
5470 Rosendal

## Søknad om oppgradering av Rosendal Stadion, grusbane, til kunstgrasbane

Rosendal Turnlag søker Kvinnherad kommune om at det vert lagt kunstgras på grusbana i Rosendal. I utgangspunktet er dette eit kommunalt anlegg, men Rosendal Turnlag vil gjerne vere med å bidra slik at anlegget kan verta ferdigstillt så snart råd er. Det vi konkret ber om er grønt lys for å setje i gong arbeidet, og ein kommunal garanti for å låne midlar til mellomfinansiering av spelemidlar og kommunale løyvingar. Som det går fram av prospektet vi har laga, vil ein kunstgrasbane ha ei svært positiv tyding for born og unge i nærmiljøet. Det vil også verte ei rimeleg oppgradering av anlegget. Sidan dette er eit kommunalt anlegg, vil den kommunale delen truleg verte lavare enn det beløpet som står i prospektet.

Vi vonar på ei rask og positiv handsaming av denne søknaden.

Helsing  
Rosendal Turnlag

Willy Kalsås  
Leiar

VAR SAMARBEIDSBANK :

**SpareBank 1 Kvinnherad**



Rosendal Turnlag - fotballgruppa  
Postboks 30, 5486 ROSENDAL

VEDLEGG NR. 1  
K. 31

TIL  
Kvinnherad kommune  
5470 Rosendal

KVINNHHERAD KOMMUNE	
15 MARS 2007	
Arkivsaknr.	Dok nr.
Arkivkode P	Saks beh.
Arkivkode S	Kopi

Vår ref.: Willy Kalsås

Rosendal, 11. mars 2007

VEDR.: Oppgradering av grusbanen på Rosendal Stadion.

Vi viser til vedlagde prospekt med skildring av bakgrunn, finansiering/økonomi og framdrift.


Rosendal Stadion er eit kommunalt idrettsanlegg med ein grusbane som treng ein kraftig oppgradering. For å framskunda dette arbeidet og leggja tilhøva til rettes for idrettsungdomen, ynskjer Rosendal Turnlag å forskottera dette arbeidet.

Rosendal Turnlag søkjer med dette om løyve til å setja i gong med arbeidet så snart dei formelle vedtaka er gjort.

Vidare søkjer vi om ein kommunal garanti på NOK 4.000.000. Vi ber om at garantien gjeld til utbetalinga av spelemidlar og kommunalt tilskot er gjort. Eventuelle delutbetalingar går til nedbetaling av byggelånet og tilsvarande nedtrapping av garantisummen. I prospektet er det sett opp mellomfinansiering på NOK 3.750.000. For å unngå likviditetsskvis på grunn av at mva-refusjonen kjem etter at rekningane er betalte, søkjer vi om ein litt større garantisum.

Vi vonar på ei rask og positiv handsaming av denne søknaden

Vennleg helsing  
For Rosendal Turnlag

  
Willy Kalsås  
Leiar

36

